



Alphapipe AS
Søre Kråna 5
6030 LANGEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3190 - 16/27579

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
04.10.2016

Avvisning av innsendte søknad om rehabilitering av skorstein - gbnr 227/25 Molvik

Tiltakshavar: Alphapipe AS

Ansvarleg søkjar: Truls Molvik

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-3

Tiltak

Saka gjeld rehabilitering av skorstein.
Det vert elles vist til søknad motteken 03.10.16.

Planstatus

Tomta ligg innafør kommuneplanen for Lindås Kommune

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Vatn og avløp (VA), tilkomst, avkøyrslø og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra auka bruk.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det må sendast inn situasjonskart som syner plassering av skorstein og teikningar som syner kva arbeid som skal utførast på skorstein. Det er ikkje sendt inn nabovarsel i søknaden. Kommunen kan gje fritak i frå nabovarsel, men det må da søkjast om fritak i frå dette jf. pbl § 21-2 og SAK § 5-4

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om rehabilitering av skorstein avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3190

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Truls Molvik

Molvikgrend

5991

OSTEREIDET

Mottakarar:
Alphapipe AS

Søre Kråna 5

6030

LANGEVÅG